



Høgskulen i Volda  
Rektor Johann Roppen  
Postboks 500  
6101 VOLDA

Dykkar ref

Vår ref

2015/10827-JULSK

Dato

29.09.2015

## Intensjonsnotat om eit framtidig og tettare samarbeid mellom HVO og UiB

Universitetet i Bergen er eit internasjonalt forskingsuniversitet med eit stort mangfald av fagdisiplinar og forskning innanfor dei humanistiske og samfunnsvitskaplege faga. UiB sin nye strategi peikar på at for UiB er nye og sterkare samarbeidsrelasjonar og klynger eit sentralt verkemiddel for å styrkje kvalitet og omfang innanfor forskning, utdanning og innovasjon. Det er difor i UiB si interesse å vere open for nye samarbeidsrelasjonar og moglege nyutvikling. Då er det naturleg å søkje eit tettare samarbeid med institusjonar som er like og/eller komplementære med UiB.

Det har alltid vore tette band mellom dei humanistiske fagmiljøa ved Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen. Ved å greie ut interessa og vilkåra for eit meir langsiktig og institusjonelt samarbeid med HVO ønskjer UiB å styrkje forskinga og utdanninga i dei humanistiske og samfunnsvitskaplege faga på Vestlandet.

Vi vil her gje ei oversikt over område som sett frå UiB sin ståstad peikar seg ut for å få til tettare faglege og organisatoriske relasjonar med Høgskulen i Volda.

### *Mediefag*

HVO har gjennom fleire tiår vore leiande innan praktisk medieutdanning, som t.d. journalistikk, animasjon og informasjonsarbeid. Det mediefaglege miljøet ved UiB er unikt ved sin kombinasjon av omfattande internasjonalt orientert forskingsaktivitet og praktisk orienterte utdanningar med ein akademisk profil. Fagleg samarbeid mellom dei mediefaglege miljøa ved HVO og UiB går langt tilbake i tid, både innan undervisning, også ph.d.-rettleiing, og forskning, særleg innan journalistikk. I dei seinare åra har UH-nett Vest (arbeidsgruppe IKT og media), vore ein viktig møteplass for forskningssamarbeid innan ny medieteknologi. I samband med UiB sitt engasjement i medieklyngeprosjektet Media City Bergen, der det skal etablerast nye produksjonsorienterte studieprogram og byggjast nye forskings- og

utviklingsmiljø innan medieteknologi og -innhald, kan det opne seg nye moglegheiter for eit fruktbart samarbeid innan utdanning og forskning mellom mediefaga ved UiB og HVO.

#### *Nordisk språk og litteratur*

UiB ønskjer å samarbeide med HVO om ansvaret for Språksamlingane og slik ta på seg ei nasjonal forvaltingsoppgåve. Vi ser for oss Språksamlingane som eit felles samarbeidstiltak for heile "nynorskkynga" på Vestlandet, der både HVO, UiB/HF og Ivar Aasen-tunet er aktørar. Begge institusjonane har sterke nordisk-miljø med mange faglege kontaktflater. Dette samarbeidet vil krevje ein felles organisasjonsstruktur. Nordiskfaget, skriftkulturstudiet, Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet og Volda utgjer samla eit tyngdepunkt i nynorskfaget i Noreg. Nordiskfaget ved UiB er fagleg svært sterkt og femner ei stor breidde av ulike forskings- og undervisningsdisiplinar. UiB er òg sterke på datalingvistik og korpuslingvistik. I tillegg bør det nemnast at fagmiljøa i nordisk og allmenn litteraturvitskap også har mange felles kontaktpunkt mot HVO og gode føresetnader for å utvikle eit tettare samarbeid. Det er òg interessant å kople miljøa for norskdidaktikk og norsk som andrespråk tettare saman gjennom konkrete samarbeidstiltak.

#### *Andre HF-fag*

Også innanfor klassiske og store HF-fag, som historie, kulturvitskap og religionsvitskap, er det gode moglegheiter for eit tettare undervisnings- og forskningssamarbeid mellom HVO og UiB.

#### *Lærer- og lektorutdanninga*

UiB og HVO har eit stort potensial for å utvikle samarbeid innan lærarutdanninga. Vi vil særleg nemne at UiB sitt store mangfald av framandspråk er unikt på Vestlandet og har potensial for å bidra til ei utvikling av lærarutdanninga ved HVO.

#### *EVU og fjernundervisning*

HVO sitt godt utvikla tilbod i og lange erfaring med fjernundervisning utgjer eit godt reiskap for samarbeid og ein interessant arena for utvikling av felles undervisningstilbod, mellom anna innanfor EVU.

#### *Styrking av forskningssamarbeid*

Det har alltid vore mange faglege kontaktar mellom dei ulike humanistiske faga ved HVO og UiB, sjølv om mykje av dette har vore personavhengig og ikkje styrt av insentiv eller tilrettelagde strukturar. UiB vil generelt bidra til å skape rammer som kan legge til rette for fagleg samarbeid med HVO. UiB ønskjer å styrkje samarbeidet om forskning, masterrettleiing og ph.d.-rettleiing.

#### *Sluttmerknadar og invitasjon*

Universitetet i Bergen ser det etablerte samarbeidsorganet UH-nett Vest som ei viktig samarbeidsplattform også i framtida, men imøteser ein tettare dialog særskilt med HVO om

desse spørsmåla. Vi håper HVO vil ta imot denne invitasjonen, slik at vi i nær framtid kan starte arbeidet med å utgreie grunnlaget for tettare samarbeidsstrukturar. Vi vonar invitasjonen til dette felles sonderingsarbeidet vert verdsett, og at HVO i nær framtid kan bidra til å komplettere, korrigere eller utdjupe lista over framtidige samarbeidsrelasjonar.

Vennleg helsing

Dag Rune Olsen  
Rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*